



Brandal Småbåtlag
v/ Arve Grimstad

6062 BRANDAL

Dykkar ref.	L.nr./ Saksh	Arkivsaknr.	Arkivkode	Dato
	007480/99/ HIS	97/01387	611/&50	17.02.99

REGULERT NAUSTOMRÅDE I BRANDAL

Hareid formannskap fatta i møte 4.11.98, sak 187/98, slikt vedtak:

"Hareid kommune tek opp forhandlingar med eigarane av nausttomtene sør for Martin Karlsen A/S med tanke på innløyising. Ein føresetnad er at det er interesse for dei aktuelle tomtene."

I eigedoms- og utbyggingsutvalet (EU-utvalet) sitt møte 11.2. 99 vart den vidare handteringa av den aktuelle saka drøfta. Det vart i den samanheng fatta slikt vedtak:

"Med det EU-utvalet viser til formannskapet sitt vedtak i sak 187/98, her utvalet om å få seg forelagt frå Brandal Småbåtlag si side ei vurdering av interessa og behovet for nausttomter i området sør for Martin Karlsen AS, samt om det eventuelt kan vere i småbåtlaget si interesse å engasjere seg i realiseringa av det regulerte naustområdet."


Jf. elles vedlagde særutskrift av møteboka til EU-utvalet frå sak 3/99, saman med tilhøyrande saksdokument.

På grunnlag av ovannemnde vert med dette Brandal Småbåtlag bedt om å ta opp til vurdering dei spørsmåla/tema som er omfatta av EU-utvalet sitt vedtak i sak 3/99.

Ein ber om at tilbakemelding frå Brandal Småbåtlag vert sendt skriftleg til Hareid kommune, 6060 Hareid.

På førehand takk.

Med helsing


Hallvard Sæverud
utviklingsleiar

Vedlegg,-